

Referat frå møte i rådgjevande utval for Jærstrendene landskapsvernområde 05.04.2016, kl. 10:30-13:00, Statens Hus.

Referent: Fylkesmannen v/John Inge Johnsen

Tilstade:

Stian Lie Hagen (Sola kommune), Asbjørn Aanestad (Klepp kommune), Børge Forberg (Hå kommune), Øystein Dahle (Jæren Friluftsråd), Alf Tore Mjøs (Stavanger museum), Eli Viten (Rogaland fylkeskommune), Arild Ånestad (Rogaland bondelag), Knut Henrik Dagestad (Statens naturoppsyn, observatør).
Per Kristian Austbø, Annette Fosså og John Inge Johnsen frå Miljøvernavingdelinga, Fylkesmannen.

Representant frå Naturvernforbundet i Rogaland og Arkeologisk museum møtte ikkje. Randaberg kommune hadde ikkje oppnemnt kommunalpolitiske representant.

Framlegg til sakliste:

- 1) Møte blei starta med ei kort **presentasjonsrunde** kring bordet, sidan det var lenge sidan sist møte i utvalet og nye representantar.

- 2) **Gjennomgang rapport for 2015 frå Fylkesmannen**

Per Kristian Austbø gjekk først gjennom utvalet sitt mandat, som er å representere dei mange og tildels kryssande interessegrupper, skape betre innsikt og forståing seg imellom, fungere som informasjons- og kontaktkanal for grunneigarar og andre brukarar, og gi forvaltninga tilbakemeldingar og grunngitte råd.

Deretter gjekk han gjennom forvaltingsrapporten for 2015 som var sendt ut i samband med innkallinga til møte og utdjupa denne med bilete og døme. Refererte elles til forvaltingsplanen som gir viktige føringar i høve forvaltninga av verneområdet. Denne er inndelt i ulike forvaltingssoner og seier noko om dei ulike verdiane og gjer føringar for prioriteringar i høve søknader om ulike aktivitetar.

Jæren Friluftsråd opplyste om at «Nasjonal turistveg prosjekt» har engasjert seg ved Orre Friluftshus og Kvasheim, og at dei vil vera med å bidra til betre opparbeiding av parkering og toalett forhold på Bore og Refsnes, som ein del av «Nasjonal turistveg Jæren». Vidare må ein sjå på tilrettelegging/kanalisering av ferdsla til stranda.

Det kom elles innspel frå Asbjørn Ånestad om at sikra parkeringsareal på Rein Bore bør avgrensast og skiltas midlertidig inntil betre opparbeiding, noko Friluftsrådet var samd i.

Jæren Friluftsråd orienterte elles om frivillig dugnadsinnsats med henting av ilanddrive søppel på strendene.

I samband med orientering om uttak av framande arter, gav Asbjørn Ånestad innspel om at det er viktig å prioritere fjerning av tistel, då denne spreiar seg inn på dyrka mark frå tilgrensande verneområde. Alf Tore Mjøs gav elles innspel om at mink ofte er eit problem på ettersommaren på Revtingen.

Når det gjelder størrelse på hytter i verneområdet er det ut frå langvarig forvaltingspraksis satt ein mal på 60 m² utbygd areal. Kommunane praktiserer ulik storleik på utsida av verneområdet. Asbjørn Ånestad viste til hyttene på Refsnes i Hå og meinte kommunane måtte samordna seg slik at ein får ein lik forvaltingspraksis. Austbø synte til handsaming av kommuneplanar og avklaringar frå departement; der samordna bygg-normer blir lagt til grunn for planarbeid i alle dei fire aktuelle kommunane.

Arild Ånestad etterspurte målingar som viser korleis strendene endrar seg i høve havstigning. Tidlegare etablerte referansepunkt har delvis vore fjerna og vanskeleg å finne igjen. SNO har etablert nye referansepunkt basert på GPS målingar. Austbø synte til omfattande kartlegging frå 1990-talet, nå rimeleg god oversikt gjennom jamlege flyfoto-oppdateringar.

3) ”Runde kring bordet”: Innspel, inntrykk og generelle spørsmål om verneområdet

Arild Ånestad understreka at det var viktig med god dialog begge vegar. Han hadde ikkje mottatt konkrete innspel frå Bondelaget til møtet.

Austbø orienterte om slutføringa av grensekartet for Jærstrendene landskapsvernområde og mindre justeringar av grensa i ulike område.

Øystein Dahle orienterte om «Nasjonal turistveg» oppgradering av P-plassar, toalettløysingar og tilrettelegging av tilkomst til stranda. Aukande problem med bu-bil treff som opptar P-plassane og stenger ute andre. Kan vera aktuelt å innføre parkeringsforbod nattetid.

Eli Viten orienterte om overordna signal frå Miljødirektoratet om å satse på kystleden. Det er viktig å diskutere moglege løysingar. Vi bør få til eit møte i lag om dette; helst i forkant av kommande store landskonferanse om friluftsliv her på Jæren i juni.

Det bør gjennomførast ny og forskningsbasert brukarundersøking for Jærstrendene, jamfør stor vekst i brukar-talet sidan siste undersøking. Det vil vere interessant å sjå på endringar i bruk av strendene. Jærstrendene inngår og i Regional planstrategi, der tilgang på turområde og gode parkeringsløysingar er sentrale mål. Samstundes bør det greiast ut tilbod om kollektiv transport i helger med fint vær (jf. Jæren Friluftsråd innspel om til dømes ny type APP for felleskøyning.)

Børge Forberg etterlyser plan for Jernbaneskogen, mye vindfall, kva skjer? Miljøvernavinga vil synfare området og vurdere vidare skjøtsel/ opprydding.

Stian Lie Hagen er positiv i høve ein årleg strandryddedag. Kommunen har elles prøvd å få til eit kollektivt busstilbod til Solastranda. Bandtvang er no innført på Hellestø.

Alf Tore Mjøs viste til nyleg rapport om ferdselsrelaterte forstyringar av fugl i Jærstrendene landskapsvernområde. Stort press for å opna verneområdet for meir bruk. Betre tilrettelegging vil og føre til større bruk. Viktig med kanaliseringstiltak for å redusere skadeleg ferdsle.

Statens naturoppsyn, Knut Henrik Dagestad synte til at tilnærminga «differensiert forvaltning» fram til i dag har hatt ein passiv strategi i høve ferdsle. Det vil derfor vera viktig med ein bevisst styring for å ta vare på verneverdiane og grunnlaget for vernet.

4) Evt.

Asbjørn Ånestad spurde om kor ofte det burde vera møte i utvalet.

Fylkesmannen meinte at det burde vera eit årleg møte, men er open for fleire møte om det kjem opp viktige saker som krev raskare drøftingar.

Elles oppmoda Austbø om å ta nærare kontakt om stort eller lite.